

| Arkiv | Saksbehandlar | Møtedato | Sak nr. |
|-------|---------------|----------|---------|
| 433.1 | Knut Øyjordet | 16.02.23 | 5/23    |

**SØKNAD FRÅ VÅGÅFJELL SKILØYPER OM KONTRAKT MED STATSKOG FOR TRASEAR TIL SYKKEL- OG SKILØYPER**

*Saksdokument:*

1. Brev frå Statskog av 19.09.22 til fjellstyret med vedlegg.
2. E-post frå fjellstyret av 14.10.22 til Tessand beitelag og Baksida beitelag.
3. E-post frå styret i Tessand beitelag av 01.02.22 til fjellstyret.

*Saksutgreiing:*

Vågåfjell Turløyper ønskjer å inngå kontrakt med Statskog for ski- og sykkelløyper i Langmorkje statsallmenning, samt tilgrensa område ved Tesse i Vårdalen statsallmenning. Statskog er positive til å inngå kontrakt og har i dialog med Vågåfjell Turløyper mottatt kart over skiløypenettet og ønskt sykkelnettverk innanfor statsallmenningane. Før kontrakt blir inngått, ønskjer Statskog å høyre fjellstyret om traseaval. I høyningsbrevet frå Statskog står det at fleire av skiløypetraseane alt er godt etablert, medan andre ikkje er opparbeidd eller omsøkt. Sykkeltraseane går stort sett etter veg, men i enkelte område er det foreslått at løypene skal gå etter skiløypenettet, samt nokre nye trasear. Kart over aktuelle trasear er kopiert opp og vedlagt saka. Statskog ber fjellstyret om «tiltaket er til vesentleg skade for nokon med bruksrett», og ber fjellstyret samtidig ta stilling til om nokon av dei nye traseane er til ulempe for vilt, anna friluftsliv og natur.

Det vart tatt kontakt med Øystein Formo i Vågåfjell Turløyper ang. søknaden. Han sa at det ikkje er omsøkt nye trasear ang. skiløyper. Men det er innteikna nokre trasear som ikkje er oppkjørt i dag, bl.a. etter skogsbilvegen i Dravtjønnlie, med tanke på eventuelt å søkje om å oppkjøring her i framtida. Sykkeltrasear er lagt inn på eit eige kart. Dei med grøn farge er nye og omsøkt for tilrettelegging og merking for sykling, dvs. strekninga frå øvst i skitrekket over til Valdesetrene, og vidare over å Tesse (etter eksisterande skiløypetrase). I tillegg er det ei strekning innafor Lusæter og over til Bøneslie, som er tenkt etter ein stig i nærleiken av høgspentraseen, der det ligg bra til rette for sykling, og fordi det etter eksisterande skiløypetrase austafor er det ein del blaute parti. Dei andre merkte traseane følgjer eksisterande vegar og skiløypetrasar, og fleire av desse er allereie nytta og merkt for sykling. I søknaden er også Munch-ruta tatt med som eksisterande sykkeltrase.

Etter at fjellstyret fekk saka frå Statskog, vart den sendt på høyring til Tessand beitelag og Baksida beitelag. Dette med bakgrunn i omsøkt nye trasear for sykling. Tessand beitelag fekk utsett frist for ev. merknader, derfor vart ikkje saka tatt med til behandling på fjellstyremøte i desember. Laget kom seinare med følgjande uttale:

*Tessand beitelag er positiv til at det ikkje er planlagt sykkelløype frå Kalven til Lego. Det har vore problem langs denne stigen når syklistar møter storfe. Dette fører til uheldige situasjonar med skremming av dyr og sannsynlegvis også av folk. Slike møte mellom storfe og folk gjev også skade på gjerdet. Stigen har også vore prøvd utbedra på ein slik måte at det*

| Adresse                  | Telefon  | Bankgiro      | E-post               |
|--------------------------|----------|---------------|----------------------|
| Postboks 16<br>2684 VÅGÅ | 90966277 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyrene.no |

*har medført skade på gjerdet til Lego, altså setra til Sande.*

*Vi er ikkje positive til den planlagde sykkeltraseen frå skitrekket nordover forbi Geithøe og ned til Nordgard Valdesetra. Vi meiner at det ikkje let seg gjera å få til sykkelløype der utan skade på naturen. Det same gjeld den planlagde sykkeltraseen frå Nordgard Valdesetra og over til Morkasetra, i Djupvika ved Tesse. Denne løypa vil gå gjennom store myrområde og mykje skog. Arbeidet med å få til ei brukbar sykkelløype vil medføre store inngrep i naturen. Vi har alle sett øydeleggingane i den gamle setervegen mellom Åsvangsetra og Silungsbekken, samt oppover langs Silungsbekken, som vart resultatet av utbetringa av skiløypene i området. Beitelaget håper derfor at det no er slutt på denne forma for «tilrettelegging».*

*Det er mange som nyttar området mellom Lemonsjøen og Tesse til turområde. Trollhøe er mykje besøkt og det same er stigen over Veslvassfjellet. Området mellom Valdesetrene og Tesse er også eit mykje brukt turmål. Dei siste åra har det i tillegg vorte lagt til rette for terrengsykling i dei ymse nedfartane til skitrekket, noko som truleg vil føre til auka turisttrafikk i området.*

*Det er i dag i alt 7 beiterettshavarar som slepper dyra sine mellom Lemonsjøen og Tesse. Det blir årleg sluppe ca. 1400 sauar og mellom 80 og 100 storfe, i tillegg til noko innpåbeitning frå andre området. Området er såleis godt utnytta som hamn. Medlemmane i beitelaget er i utgangspunktet positive til turisme og ferdsel av folk, mellom anna kan vi stundom få beskjed dersom dyr treng hjølp osv. Vi vil likevel påpeike at det har vore problem med lause hundar, noko som har ført til tap av husdyr, og vanskeleggjera sinking pga. skye dyr. Vi ser også ofte at søyer og lam er skilde åt, det kan føre til jurbetennelse hjå søya og småe lam.*

*Beitelaget meiner at det er viktig at den opprinnelege bruken av desse frodige beiteområda blir teke omsyn til. Ei auke i ferdsel vil utan tvil føre til meir uro for beitedyra. Alle veit at dyra har det best dersom dei får gå i fred og nyitta dagen og terrenget som dei vil. Tessand beitelag meiner med bakgrunn i dette at fjellstyret og Statskog bør sjå til at Vågåfjell Turløyper og andre aktørar bidreg til å kanalisere turisttrafikken inn i andre området. Det er rikeleg med fine fjell og skogsområde der det er færre beitedyr og mindre folk i dag. Det vil kanskje vera ein god ide å ta i bruk dei mange gode skogsbilvegane i Langmorkje Alemenning og nyitta desse til tursykling i staden. Medlemmane i beitelaget er såleis imot at det blir lagt til rette for enda meir ferdsel mellom Lemonsjøen og Tesse.*

Det er ikkje innkome merknad frå Baksida beitelag.

#### *Vurdering:*

Tessand beitelag har kome med ei grundig uttale og med utfyllande grunngjeving for sitt syn. Med bakgrunn i dei interessene som fjellstyret skal ivareta i ei slik sak, så bør fjellstyret ta omsyn til dei merknadene som beitelaget har, spesielt når det gjeld omsøkte nye trasear for sykling mellom Lemonsjøområdet og Tesse. Nesten alle andre trasear som Vågåfjell Turløyper ønskjer å inngå kontrakt med Statskog om er eksisterande trasear, som tidlegare er godkjente, og som vi ikkje kjenner til er konfliktsfulle. Desse skulle såleis vere greie å vidareføre som ski- og/eller sykkeltrasear.

| Adresse                  | Telefon  | Bankgiro      | E-post               |
|--------------------------|----------|---------------|----------------------|
| Postboks 16<br>2684 VÅGÅ | 90966277 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyrene.no |

Turløypelaget ønskjer også å få lagt inn sykkeltraseen etter skogsbilvegen frå Silungsbekken til Fuglsetervegen til skiløypetrase i ei kontrakt med Statskog, i tilfelle det kan bli aktuelt å søkje om å nytte denne til skiløype ein gong i framtida. Fordi det er særskilte viltinteresser i dette området, bør Statskog vurdere å vente med å kontraktsfeste denne traseen til skiløype nå.

Elles må Statskog setje vilkår ang. opparbeiding/oppgradering av trasear til ski og sykling. Dette for å minske såra i naturen ved slik tilrettelegging, der gravemaskin ofte blir brukt. Oppgraderinga av traseen mellom Åsvangsetra og Silungsbekken som beitelaget nemner i si uttale, er eit eksempel der arbeidet kunne vorte gjort meir skånsamt.

### **Innstilling til vedtak:**

I ønskje frå Vågåfjell Turløyper om å inngå kontrakt med Statskog for ski- og sykkelløypetrasear, så registerer fjellstyret at dei aller fleste traseane gjeld trasear som allereie er godkjente og som i dag blir nytta til ski- og/eller sykkelløyper. Fjellstyret meiner det må vera greitt å inngå slik kontrakt for desse traseane.

Med bakgrunn i uttale frå Tessand beitelag, meiner fjellstyret at Statskog ikkje skal innlemme dei aktuelle nye sykkeltraseane i området mellom skitrekket/Lemonsjøen og Tesse. Fjellstyret har forståing for, og er samd i grunngjevinga til beitelaget om å ikkje innlemme desse traseane i kontrakten. Fjellstyret har ingen merknader til at aktuell ny trase i Bøneslie blir lagt inn som sykkeltrase.

Fjellstyret tykkjer ikkje skogsbilvegen mellom Silungsbekken og Fuglsetervegen skal innlemmast som skiløypetrase i ei kontrakt. Fjellstyret vil peike på at det er særskilte viltinteresser i nærleiken av denne skogsbilvegen, både som vinterbiotop for elg og hekkelokalitet for kongeørn. Fjellstyret har også forstått det slik at det pr. i dag ikkje er aktuelt å søkje om denne som skiløype heller.

Ved opparbeiding av trasear til ski- og sykkelløyper kan det fort bli stygge sår i terrenget. Arbeidet som vart gjort etter traseen frå Åsvangsetra og til området Silungsbekken er eit eksempel på det, slik som Tessand beitelag påpeikar. Fjellstyret meiner at Statskog må setje vilkår i ei kontrakt med Vågåfjell Turløyper med konkrete tiltak for å minske såra i naturen ved opparbeiding av både nye og oppgradering eksisterande trasear.

### **Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

#### *Rett utskrift. Går til:*

Statskog SF

Tessand beitelag v/Aase Odnes

Baksida beitelag v/Odd Magne Oden

#### *Kopi til:*

Vågåfjell Turløyper v/Øystein Formo

Vågåmo, 17.02.23

Knut Øyjordet (e.f)

| Adresse                  | Telefon  | Bankgiro      | E-post               |
|--------------------------|----------|---------------|----------------------|
| Postboks 16<br>2684 VÅGÅ | 90966277 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyrene.no |